



Austevoll kommune  
Kommunehuset  
5392 STOREBØ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Frida Halland, 5764 3128

## Motsegn - Austevoll - kommuneplan - arealdelen - 2023

Vi viser til oversending av kommuneplanen sin arealdel til 1. gongs høyring, motteken 16.2.2023, til offentlig ettersyn. Vidare viser vi til brev om delegering av myndigheit til å samordne statlege motsegner til kommunale arealplanar etter plan- og bygningslova (KDD 22.12.2017).

### Innleiing

Statsforvaltaren har tidlegare, i eige brev dagsett 28.4.2023, gjeve Austevoll kommune tilbod om eit dialogmøte om planframlegget, og lagt til rette for at dette kunne haldast den 8.6.2023. Dette er i samsvar med dei tilrådde rutinane for samordningsoppdraget vårt – og rutinar som er vel etablert i kontakten vår med kommunane i Vestland.

I telefonsamtale med Austevoll kommune den 3.5.2023, vart det formidla at kommunen ikkje vil gje oss utsett frist til etter dialogmøte, for å sende ein samordna uttale med møtereferat og eventuelle motsegner. Eventuelt, har vi vorte informert om, ville kommunen vurdere å innvilge forlenga medverknad og utsett frist, men då først etter at noverande frist har gått ut. Som ein konsekvens av at kommunen ikkje ynskjer å utvida medverknad i sjølve høyringsfasen og ikkje har gitt ein tilhøyrande forlenga uttalefrist, må Statsforvaltaren av formelle årsaker no i staden sende uttale innan ordinær frist, og samstundes ta stilling til kva motsegner som skal fremjast mot planframlegget.

Dette brevet summerer såleis opp dei statlege motsegnene som vi er varsla om og Statsforvaltaren si samordning og vurdering av desse. Vidare inneheld brevet Statsforvaltaren sin eigen uttale og gjer kjent for kommunen motsegner som vi har sett oss nøydde til å fremje, innanfor rammene av eige medverknadsansvar.

Det tidlegare planlagde dialogmøtet med statsetatane den 8.6. går med dette ut. Kommunen må no i staden vurdere, og styre, den vidare prosessen knytt til kva som må gjerast for å løyse motsegnene, i dialog med dei einskilde partane som har motsegn. Dersom det ikkje vert oppnådd semje, vil kommunen kunne be Statsforvaltaren om mekling, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 5-6.



## Motsegner frå andre statlege etatar

Vi har i høyringsperioden fått tilsendt brev med orientering om motsegner frå NVE dagsett 21.4.2023, Forsvarsbygg dagsett 25.4.20.23, Statens vegvesen dagsett 27.4.2023, Kystverket dagsett 4.5.2023 og Fiskeridirektoratet, den 5.5.2023. Kommunen har fått eller får kopi av uttalane.

- Statsforvaltaren har ingen merknader til grunngeving eller forankring av dei statlege motsegnene vi har fått tilsendt og ser heller ikkje at dei fører til innbyrdes motstrid mellom statlege interesser. Alle er fremja innan fristen kommunen har sett.
- Statsforvaltaren avskjer ingen av motsegnene.

Statsforvaltaren si oppfatning er elles at det truleg ville vore gunstig for prosessen og for framdrifta i dette planarbeidet om kommunen hadde følgd dei tilrådde rutinane for utvida dialog med statlege styresmakter i høyringsfasen. Samordningsinstituttet har som siktemål at ein, gjennom god dialog, kan oppnå raskare avklaringar, kvalitativt sett betre planar og ikkje minst, færre statlege motsegner. Vi har røynsle for at ein gjennom ein god, utvida dialog i høyringsfasen, ofte kan kome til semje om mange motsegnspunkt og elles, i stor grad òg oppnå dei andre måla med samordninga; sjå elles kort informasjon om erfaringane våre med denne ordninga i 2022:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/plan-og-bygg/nyhende-om-plan-og-bygg/2023/04/god-dialog-reduserer-talet-pa-motsegner/>

### Statsforvaltaren si vurdering av planframlegget - motsegnspunkt

Etter som vi, før kommunen opplyste at fristen ikkje ville bli utsett, la til grunn at kommunen ville opna opp for ein utvida dialog, er ikkje dette brevet uttømande og detaljert i ein slik grad at kvart innspel til arealbruk mv. vert omtalt. Dette må vi kome attende til, når og dersom dei meir overordna motsegnene til planen vert løyste. Før manglar ved KU som vi peikar på nedanfor og manglar ved planføresegner m.v. er avklart, er det heller ikkje råd å vurdere verknadene av planen samla og/ eller for dei einskilde arealføremåla som er tekne inn eller vidareførde. Dette er nærare skildra nedanfor.

Statsforvaltaren har medverknadsansvar for fylgjande tema, jamfør rundskriv H-2/14 (departementsforkortingar i parentes): Forureining (òg støy), lokal luftkvalitet og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, handelsverksemd, tilstrekkeleg bustadbygging (KLD/KDD), folkehelse, m.a. miljøretta helsevern (HOD), barn og unge sine interesser i planlegginga (BFD/KD), universell utforming (KUD), samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (JD) jord- og skogbruk, m.a. kulturlandskap (LMD), og forvaltning av gravplassar i arealplan.

Vi vurderer at planen har vesentlege manglar som råkar vårt sektoransvar på fleire felt. Vi kjem nærare inn på våre motsegner under.

### Naturmangfald

Vi har merka oss at det kjem fram av konsekvensutgreiinga at forslaget til ny KPA legg til rette for tiltak og løysingar med negative konsekvensar for natur og samfunn, og at talet på endringsforslag som er frårådd, dermed er høgt. Det er i mange av dei vurderte områda venta at plangrepet vil gi tap av verdiar for naturmangfald og grønstruktur. Det er vist store konsekvensar knytt til myr og gammal kulturmark.



I over halvparten av alle innspelsområda der dei negative konsekvensane er størst, er det område med myr og gammal kulturmark, eller område med potensial for verdiar knytt til slik mark, som vert råka. Blant endringsforslaga som gjev dei største negative konsekvensane for naturmangfaldet, er det flest knytt til etablering eller utvikling av bustader. Deretter kjem arealendring til fritidsbustad (s. 101 samla vurdering).

38 av forslaga ligg der det er lite utbygd, og konfliktpotensialet er stort. Her er mange av områda klassifiserte som myr. I tillegg er det 21 andre forslag der konfliktpotensialet er stort, men der områda er meir utbygd. Mange av endringsforslaga vil òg gi tap av grønstruktur. Det er om lag 120 forslag som inneber utbygging i det som i dag er grønstruktur eller naturområde (s. 109).

Vi finn difor at kommunen ikkje har vektlagt naturmangfald sterkt nok i framlegget til KPA og at dette i sum gjer at planen sine samla løysingar ikkje er tilstrekkeleg berekraftige, jf. mellom anna pbl. § 1.

Føresegnene manglar vising til, og ivaretaking av, naturmangfald. Vi finn ikkje dette som emne i gjennomgang av vedtekne reguleringsplanar. I KU-vurderingane kjem emnet fram, men vi kan ikkje sjå at det er gitt den vekt det skal ha. Etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 skal ein vektlegge verdien av naturmangfald og synleggjere konsekvensane der det er konkret konsekvensar, ikkje utjamne verknadene over eit større arealområde. Ved å spesifisere førekomst og konsekvensar slik, kan ein betre ta omsyn til naturmangfaldet i planlegginga og ved eventuell utbygging. Vi kan ikkje sjå at dette er lagt til grunn i vurderingane i KU.

### **Vi har derfor generell motsegn til at naturmangfald ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til i kpa og til vurderingane av dette innan utbyggingsområda.**

I nokre område er det særleg viktig at dette skjer på dette plannivået, kpa. Det gjeld m.a. areal for akvakultur. Planen følgjer ikkje tilstrekkeleg opp krava som gjeld til konsekvensutgreiing av desse, inklusive vurdering av vassmiljøkvalitet. Dersom kommuneplanen skal vere siste plannivå, jf. § 1-2 bokstav h) om at akvakulturanlegg i sjø ikkje treng detaljregulerast, må naudsynte vurderingar for å avklare om areala som er sett av er eigna til føremålet, skje i KPA.

For at kommuneplanen skal bli tilstrekkeleg styrande og setje rammer for vidare planlegging og tiltak, må den vise til, og vere tufta på, nasjonale rammer og føringar som gjeld for sjøareala. Vi kan ikkje sjå at sjødelen til planen legg til grunn dei særlege føringane som går fram av forureiningslova og vassdirektivet, m.a. krav til sakshandsamingsmåte, kunnskapsgrunnlag og omsynet til bevaringsmål og kvalitetsnormer etter naturmangfaldlova, og krava til varetaking av anadrom laksefisk sine økologiske funksjonsområde etter lakse- og innlandsfisklova §§ 1, 2 og 7.

### **Vi har derfor særskilt motsegn til vurdering og ivaretaking av naturmangfald for område avsett til akvakultur.**

Sjå også føresegn for å ta vare på kvalitetane ved etablering av akvakulturanlegg i sjø under tema om føresegner.

#### Bustadbygging og landbruk

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging punkt 4.3, syner til at kommunen bør utnytte potensialet for fortetting og transformasjon. Jf. her særleg at:



- *«før nye utbyggingsområder tas i bruk. Nye utbyggingsområder bør styres mot sentrumsnære områder med mulighet for utbygging med mindre arealkonflikter. Utvikling av nye, større boligområder må sees i sammenheng med behovet for infrastruktur.»*

Vidare går det fram at:

- *Det er nødvendig å ta vare på god matjord, men jordvernet må balanseres mot storsamfunnets behov.*

Planen opnar for fortetting og utbygging i noverande bustadområde, utan plankrav, nye bustadområde i strid med føringane i SPR-BATP og i tillegg ligg det inne utbyggingsareal i vidareførde planar, av ukjend storleik og omfang. Det er lagt til grunn ein befolkningsvekst på 500 personar på 10 år. Samstundes er det opna for 169 bustadeiningar, berre i LNF-spreidd. I fylgje SSB, bur det 2,42 personar per hushald i Austevoll. LNFR-spreidd vil då aleine kunne opne opp for bustader til 400 av dei 500 venta nye innbyggjarane i kommunen.

Jordvern skal vere eit overordna omsyn i den kommunale arealplanlegginga. Kommunen har lagt ut mykje bustadareal på dyrka mark, og store område er sett av til LNFR spreidd. I mange av bygdene der det er samanhengande jordbruksareal, er stort sett det meste eller store delar av arealet sett av til LNFR spreidd.

Det er lagt ut LNFR-spreidd rundt/inntil tettstader og sentrum, sjølv om det ser ut til å vere gode moglegheiter for fortetting i det avsette bustadarealet nær sentrum.

Kombinasjonen av at planframlegget set av areal til LNFR-spreidd og bustadareal på samanhengande landbruksareal, kombinert med manglande oversikt av tilgjengeleg areal og bustadreserve i vidareførde planar opp mot vurdering av behov, gjer at vi vurderer at planen i for liten grad tek omsyn til landbruksinteresser og vern av landbruket sin areal for matproduksjon. Vi viser til at det nasjonale jordvernmålet er understreka og innskjerpa vesentleg dei seinare åra.

Vi merkar oss elles av føresegnene om bustad § 2-1 (4) bokstav d), at tiltak ikkje skal kome i konflikt med jordlova. Men utbygging på areal sett av til bustad er ikkje i strid med jordlova, med mindre det særleg kjem fram av føresegnene, jf. jordlova § 2. Som utgangspunkt gjeld ikkje jordlova §§ 9 og 12 for areal som i bindande arealdel av kommuneplanen er lagt ut til busetnad og anlegg.

**Statsforvaltaren har generell motsegn til korleis bustadareal er vist i planen og til manglande handtering av landbruket sine interesser, inkludert jordvern.**

#### Barn og unge sine interesser

Medverknad og konsekvensar av planframlegget for barn og unge er eit anna tema som vi vurderer at planen har teke for lett på. Vi saknar vurderingar ut over det å sikre mogelegheit for leikeareal i eige nærmiljø. Andre tema kan til dømes vere samlokalisering av arealføremål (medrekna uheldig samlokalisering), fysisk tilrettelegging og nærleik til fritidstilbod, avstand til skule og i kva grad det vert lagt opp til at barn og unge er fysisk aktive (går) til område med fritidstilbod (kulturskule, idrettsbane, badeområde eller liknande).

Det er vanskeleg å vurdere i kva grad desse temaa er godt nok vurdert ved det enkelte innspel, då barn og unge er del av fellestema og ofte ikkje vert nemnde (eit tilfeldig døme er innspel 0101\_47 om bustad på Storakalsøy): KU-en skildrar her ikkje godt nok konsekvensane for barn og unge.



## ***Vi fremjar motsegn til den (manglande/mangelfulle) handsaminga av temaet barn og unge i planen.***

Deira interesser er ikkje synleggjort godt nok og vi kan ikkje sjå at planframlegget vurderer korleis ein skal sikre gode oppvekstvilkår. Vi viser her til nasjonalt mål som går fram av RPR for barn og unge. Viser òg til forskrift om konsekvensutgreiing § 21 som krev at:

- *beskrivelsen av faktorar som kan bli påverka og vurderinga av vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige verknadar for dei ulike temaa, mellom anna barn og unge sine oppvekstvilkår. (Vår understreking).*

Det nemnde bustadområdet på Stora Kalsøy ligg vel ei mil vekk frå skulen på Storebø. I køyretid er dette kring 15 minutt, Denne avstanden utelukkar at det er mogeleg å gå, og at barn og unge kan kome seg til å frå skule/ aktivitetar utan å bli køyrt. Denne lokasjonen er som nemnt eit tilfeldig døme på handsaminga av temaet barn og unge og må ikkje sjåast på som kritikk av staden; kritikken går på KU-en si mangelfulle vurdering av temaet.

### Samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jamfør mellom annan plan og bygningslova (pbl.) § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Det tilsendte dokumentet «Konsekvensutgreiing og ROS-analyse» oppfyller etter vårt syn ikkje krava til ein ROS-analyse, sjølv ikkje på kommuneplannivå der kravet til detaljeringsgrad normalt berre er på aktsemdsnivå.

### **Statsforvaltaren har difor motsegn til planforslaget grunna mangelfull ROS-analyse.**

Vi finn grunn til å påpeike at ROS-analysen skal omfatte *alle* risiko- og sårbarheitstilhøve. Av tilsendte dokumentasjon kan det sjå ut som om kommunen berre har vurdert naturfare i arbeidet med ROS-analysen til kommuneplanens arealdel. Kommunen skriv at det er 3 hovudtema for ROS; ekstremvêr og havnivå – naturfare og ras/skred – støy. Vi gjer difor merksam på at òg verksemdsbasert risiko og viljestyrte hendingar skal omtalast i den grad dette er relevant. Vi ønskjer òg å presisere at *både risiko og sårbarheit* skal vurderast og at dette gjeld alle slike tilhøve inklusive eventuelle endringar som følgje av tiltenkt arealbruk. Såleis er det viktig med ein god og omfattande kartleggingsprosess for å avdekke relevante tema.

Vi er heller ikkje nøgd med kartlegginga av naturfarar. Av teksten kan det sjå ut som om ein vel å skyve mykje av vurderingane framføre seg til seinare stadia i plan- og/eller byggesaksprosessen. Som nemnt over, er forventninga at ROS-kartlegginga i KPA skal vere på aktsemdsnivå, med unntak av område kor ein kan byggje ut direkte på bakgrunn av KPA utan å gå vegen om reguleringsplan, t.d. område for LNF spreidd utbygging. I slike område skal all risiko/sårbarheit vere kartlagt fullt ut på *farenivå*, noko vi ikkje kan sjå er tilfelle i det føreliggjande planforslaget. Vi viser i her til «KMD rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerheit i planlegging og byggesaksbehandling» som seier:

- *Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.*



Vidare; på side 36 i KU/ROS-dokumentet står det: *«Vurderingane er gjort på grunnlag av informasjon frå Austevoll kommune sin administrasjon, kjend kunnskap, og dei vanlegaste databasane er nytta for å innhenta kartlagt kunnskap.»* Vi saknar mellom anna meir detaljert informasjon om kven som har delteke i arbeidet og kva faglege føresetnader (kompetanse) desse har i tillegg til utfyllande informasjon om kva kunnskapskjelder som er lagt til grunn i arbeidet med ROS-analysen. Vi viser her til kap. 3.2 kvalitetskrav til ROS-analysen i DSBs rettleiar *«Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»*.

I kjeldeoversikta saknar vi t.d. òg referansar til DSBs FAST-database og KMD rundskriv H-5/18 som både gjev viktige føringar for ROS-analysearbeidet.

Vidare finn vi presentasjonsforma tidvis å vere både noko uklår og inkonsekvent, noko som med føremon kan rettast opp før endeleg godkjenning, t.d.:

- Det går ikkje fram av plankartet kva omsynssoner (aktsemdsnivå/faresonenivå) som faktisk er teikna inn. Desse må kodast med rett kode for respektive omsyn.
- På mellom anna side 7 og side 26 i KU/ROS-dokumentet står det. *«Kommunen bør difor setja krav til at det vert utarbeidd meir djuptgåande ROS- analysar i seinare planfasar/søknad om utbygging, der analysar fangar opp meir detaljert kunnskap m.a. i samsvar med lovbestemte tryggleikskrav.»* ROS-analyse er eit lovkrav som skal følgjast opp, og ikkje noko kommunen bør krevje. Vidare skal all risiko/sårbarheit vere heilt og fullt avklart på siste plannivå. Kommunen kan heller ikkje skyve vurderingane til byggjesakshandsaminga.
- AV KU/ROS-dokumentet side 26 går det fram at *«Det er viktig å merka seg at risikoanalysen er tilpassa kommuneplannivå, og er såleis grovmaske.»* Vidare står det litt tidlegare i dokumentet (side 20) og i samla vurdering av risiko og konsekvens på side 119 at: *«Gjennomgåande viser ROSvurderingane at for alle endringsforslag må det gjerast nærare vurderingar dersom området skal utviklast vidare. Det er ingen av endringsforslaga som ut frå ROS-tema kjem i raud kategori og dermed bør avvisast på dette plannivået.»* Dette kan etter vårt syn feiltolkast og bør difor omformulerast. Eventuelt kan fylgjande setning slettast: *«Det er ingen av endringsforslaga som ut frå ROS-tema kjem i raud kategori og dermed bør avvisast på dette plannivået.»*
- På side 37 i KU/ROS-dokumentet viser kommunen i tabell 3-3 til DSBs rettleiar frå 2017 med omsyn til kategorisering av sannsyn (3 kategoriar). Samstundes skriv ein: *«Sammenfatning av sannsyn og konsekvens: Ei risikomatrix blir normalt delt inn i tre kategoriar og illustrert med fargar der risikoen blir vurdert som høg, middels eller lav. Fargane viser rødt for høg risiko, gul for middels risiko og grøn for lav risiko.»* for så å i tabell 3-4 å presentere ei 5 x 5 matrise, dvs. 5 kategoriar for sannsyn og 5 kategoriar for konsekvensar. Dette er rotete.
- Vidare kan det vere noko uheldig å leggje nye tiltak/område i gule felt i ROS-matrisa (Akseptabel risiko – risikoreduserande tiltak må vurderast) når det faktisk er absolutt krav at reell fare skal avklarast heilt og fullt ut.
- Det er òg uheldig at både grønne og gule felt i risikomatrisa innleiingsvis vert omtalt som *«akseptabel risiko»*, sjølv om tilleggsteksten differensierer mellom tiltak ikkje naudsynt og tiltak må vurderast.

Av planskildringa forstår vi det elles slik at kommunen har nytta same sett med akseptkriteria i arbeidet med kommuneplanens arealdel som ein har nytta i arbeidet med den heilskaplege ROS-analysen. Vi ber kommunen vurdere om dette er føremålstenleg. Slik vi ser det, er det stor skilnad på analyseobjekt og kven som må bere konsekvensane av uønskte hendingar i ein heilskapleg ROS-analyse kontra ein ROS-analyse til bruk i arealplansamheng. Medan den heilskaplege ROS-analysen gjerne primært ser på risiko/sårbarheit i eit (overordna) samfunnsperspektiv, så skal ein



«arealplanROS» vurdere risiko/sårbarheit knytt til det einstilte nye tiltak. Toleevna vil såleis normalt vere forskjellig, dvs. at akseptkriteria òg normalt bør vere forskjellige. Uansett må kommunen ta stilling til kva ein reknar som akseptabel risiko og grunnleggje dette valet.

Samstundes minner vi om at det for nokre område er gjeve eksplisitte tryggleikskrav i lov- og forskriftsform med tilhøyrande retningslinjer og som såleis må leggjast til grunn for vurderingane, t.d. gjeld dette for naturfare og nokre typar verksemdsbasert risiko.

Aktsemdsområde (ev. faresoner) skal teiknast inn i plankartet (med kodar og følgjast opp med tilstrekkeleg tydelege føresegnar som sikrar at naudsynte krav til oppfølging vert teke i vare. Òg her bør kommunen sjå noko meir på formuleringane i føresegnene. I den grad ein ønskjer å utsetje delar av faresonekartlegginga, må det skje gjennom krav om reguleringsplan før utbygging.

Elles vil vi òg avslutningsvis leggje til at vi meiner kommunen med føremon kan samle relevant KU/ROS-dokumentasjon i eitt dokument.

#### Vedtekne reguleringsplanar og bruk av omsynssone H910

Ved bruk av denne omsynssone H910 skal det alltid vurderast om reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser, jf. pbl. § 11-8 bokstav f. Ein føresetnad er at planen kan gjelde uendra. Avhengig av alder på planen, vil rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, statlege planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og oppdatert kunnskap om naturmangfald vere døme på tema som må svarast ut i ei vurdering av om planane kan vidareførast som dei er, eller ikkje. Desse føringane er innskjerpa etter at mange av reguleringsplanane det gjeld vart vedtekne. Det gjeld også for planar som kommunen legg til grunn er relativt nye. Dette viser ei mangelfull vurdering.

Det ligg føre rapport frå arbeidsgruppe i kommunen med gjennomgang av vedtekne reguleringsplanar. Kommunen har gjort ein gjennomgang og også tatt ut nokre reguleringsplanar. Vi er samde i at desse planane ikkje blir ført vidare og at nokre blir oppheva. Ein plan blir vidareført utan omsynssona H910.

Vi forstår gjennomgangen og lista slik at dei andre planane som er vurdert vidareførde, skal vidareførast som omsynssone H910, som reguleringsplanar som skal gjelde vidare uendra, jf. pbl. § 11-8 tredje ledd f. Vi gjer merksam på at då gjeld desse reguleringsplanane framfor kpa, altså at dei gjeld vidare utan noko endring eller oppdatering. Dei vil ikkje vere ei detaljering av kpa og planane vil ikkje vere oppdatert etter denne. Dersom den vedtekne planen t.d. ikkje har byggegrense til sjø, vil ikkje ny byggegrense i kpa gjelde for denne, men 100 metersbeltet i pbl. § 1-8. Vi kan ikkje sjå at gjennomgangen og grunngevinga knytt til den einstilte plan er tilstrekkeleg til at planane skal gjelde vidare. Og særskilt at det ikkje er tilstrekkelege vurderingar for at dei skal gjelde vidare uendra, med omsynssone H910.

Det går elles fram av gjennomgangen at mange av reguleringsplanane har rom for ytterlegare utbygging, at mange ikkje er heilt utbygde. Vi gjer merksam på at frådeling av tomt er noko anna enn at arealet er utbygde. Der det er bygd heilt ut etter planen, ser vi ikkje grunn for nærare gjennomgang. Men då talar vi om full utbygging og utan at det er rom for ytterlegare tiltak som t.d. garasjar og mindre bygg. Fleire av planane har fått merknad i rapporten som «i hovudsak utbygde», «i stor grad utbygde» og liknande. Også desse må gjennomgåast betre eller syne korleis restutbygginga skal skje. Det må gjerast vurderingar av om det er verdiar og omsyn som skal takast vare på, i lys av nyare føringar.



I arbeidet med å vurdere kva reguleringsplanar som skal vidareførast saknar vi òg vurdering av om omsynet til eit endra klima inneberer behov for oppheving eller revisjon. Dette bør også gjerast på bakgrunn av mål om å ta omsyn til karbonrike areal, dyrkbar mark og naturmangfald. Vi syner til SPR for klima punkt 4.3, avsnitt 7 (sjølv om dette gjeld planprogrammet er dette relevant her og): *Kommuneplanens arealdel må brukes aktivt for å oppnå en samlet arealdisponering som ivaretar hensynet til et klima i endring. I planprogrammet skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer behov for oppheving eller revisjon av gjeldende reguleringsplaner.*

Dette kravet til gjennomgang fylgjer og av regional plan for klima:

[Regional plan for klima 2022-2035](#), Planretningsline 19: *I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal det vurderast om det er behov for oppheving eller revisjon av gjeldande reguleringsplanar, for å sikre at samla arealdisponering tek vare på karbonrike areal, dyrka og dyrkbar mark, og viktig naturmangfald*

For dei planane som er tatt ut, er grunngevinga mellom anna at utbygging vil gje store terreng-inngrep og kostbar utbygging, og til dels at det er tale om eldre planar. Men det er mange andre planomsyn som kan føre til at dei vedtekne planane ikkje lenger kan vidareførast, eller at det berre kan opnast for ei meir avgrensa utbygging, jf. omsyn nemnde i innleiinga.

I tillegg går det fram av merknadene til den einskilde plan at mange av desse har forhold og verknader som krev nærare vurdering, men som er føreslege vidareført i sin heilskap. Vi stiller konkret spørsmål til fleire av vurderingane. Men det er ikkje rom for ytterlegare og meir konkret gjennomgang i dette motsegnsbrevet.

**Vi har generell motsegn til vidareføring av vedtekne reguleringsplanar, både generell vidareføring og særskilt for omsynssone H910.** Unntaket er dei planane som endeleg blir vedtatt å ikkje vidareføre, eventuelt oppheva, og dei som er fullt og heilt utbygd.

Føresegner, under dette også om byggegrense til sjø

Føresegner skal vere klare og eintydige og i samsvar med plan- og bygningslova (pbl), statlege planretningslinjer og regionale planar. Definisjonar og retningslinjer skal ikkje bryte med føresegnene eller pbl. Dersom det er tilfellet, er det grunnlag for motsegn.

Vi har difor sett det naudsynt å fremje **motsegn til fleire av føresegnene**, til kva som er føresegner og kva som er retningslinjer og til emne som høyrer saman med dette. Vi går nedanfor igjennom punkta for motsegn, både for emne og einskilde føresegner og retningslinjer.

Følgjande er i strid med pbl.:

Plankrav

Under det generelle plankravet i § 1-2 (1) manglar tiltak som veg m.m. etter pbl. § 20-1 l. Det må takast inn. Vidare må det leggjast inn generelt plankrav for småbåthamner og småbåtanlegg. For småbåtanlegg seier føresegna at det er søknadspliktig, medan retningslina talar om planlegging. Dette er uklårt.

Unntak frå plankravet:

Desse er for omfattande og i strid med pbl., jf. § 12. Jf. òg SPR for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Det er ikkje grunnlag i lova for eit generelt unntak frå plankravet for areal avsett til noverande bustad, fritidsbustad, naust, flytebrygge og akvakulturanlegg i sjø. § 1-2 (2) c-d-e





f-h må difor takast ut. Generell opning for fortøyingsanlegg og kai etter same punkt g er det heller ikkje grunnlag for, slik det er utforma. Ordlyden er i tillegg uklar.

Unntaket i § 2-1 (1) andre setning er for generell og i strid med pbl.

#### Byggegrense mot sjø

Det er sett ei fast metergrense som byggegrense til sjø, sjå m.a. § 1-3 (3), 2-14 (6), 2-15 (7) m.m. Det er i strid med pbl. § 1-8, dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø av 2021 (SPR sjø), regional kystsoneplan for Sunnhordland og regional planretteiing. Byggegrensa langs sjø skal fastsettast etter ei konkret vurdering av verdiane i strandsona, jf. pbl. § 1-8, første ledd.

#### **Vi fremjar generell motsegn til fastsetting av byggegrensa mot sjø.**

§ 1-3 (3) omhandlar sjøbuer. Dette må presiserast kva gjeld innhald og at det ikkje er fritidsbustader, eller har ein slik funksjon.

#### Born og unge

For born og unge manglar føresegner om erstatningsareal etter rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (RPR for born og unge). Det må takast inn.

#### Natur og landskap

Det må takast inn i føresegnene og presiserast i desse at tiltak ikkje skal skje i område med viktig naturmangfald, jf. naturmangfaldlova. Det gjeld både for dette emnet i føresegnene og for plassering av bustad, fritidsbustad og innan LNF og LNF-spreidd. Dette punktet må sjåast i samanheng med det som elles er sagt om naturmangfald, utgreiingskrav m.m. ovanfor

#### Parkering

Det er lagt opp til relativt mange parkeringsplassar knytt til småbåtanlegg. Slike anlegg har ulik nærleik til dei eigedommane båtplassane skal tene og har fylgjeleg ulik trong for parkeringsplassar. Parkering blir ofte i nærleiken av strandsona og må derfor bli vurdert nærmare med omsyn til både plassering og omfang. Dette krev- og høyrer med i reguleringsplan. Føresegna må endrast.

#### Støy

Føresegna om støy er for uklar og mangelfull. Den må strammast opp med at både retningslinene og grenseverdiane vert juridisk bindande i kpa. Det same gjeld for omsynssona for støy. For skytebane må ein også vise til støykrav.

#### § 1-18 tiltak i sjø

Nokre av desse tiltaka vil kunne få store negative verknader og må i større grad konkret avklarast, til dømes muddring og uttak av skjelsand. Det må presiserast, ev. stillast krav om reguleringsplan, der dette er naudsynt.

#### Bustad

Vi viser til motsegn knytt til unntak for plankrav og for born og unge, sjå ovanfor. Kva gjeld § 2-1 (3) og (4) er det uklart korleis ein skal forstå bruken av føresegna på grunn av nokre av punkta. Det kan synast som om det er knytt til unntak frå plankrav og må derfor endrast/klargjerast/presiserast. Det same gjeld for fritidsbustad i § 2-2 (3).

Punkt 8 under bustad, der er særleg bokstav a uklar, og må ha meir fastsette vilkår.



### Naust og fellesnaust

**Vi har generell motsegn til føresegnene – og retningslinene - om naust og fellesnaust slik dei no er utforma.**

Det er **særskilde motsegner** til følgjande i føresegna, kva gjeld:

All omtale om bruk av naust utover som plass for båt og båtutstyr. All omtale om overnatting. Storleik på både naust og fellesnaust. Høgde på naust. Isolasjon. Funksjonar som kjøkkenbenk, våtrom, og anna som kan føre til annan bruk av nausta enn som båthus/ boder.

Motsegna er forankra i pbl. § 1-8, dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø av 2021 (spr sjø), regional kystsoneplan for Sunnhordland og regional planretteiing.

### LNF

I LNF områda kan det berre opnast opp for tiltak som fell inn under formålet. § 2-13 (2) c er i strid med det og må takast ut. Retningsline må også rettast opp kva gjeld dette. For utbygging innan både LNF, LNF-spreidd bustad og LNF-spreidd fritidsbustad manglar det føresegner om å ta vare på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova. Det må takast inn og presiserast.

### Akvakultur – kvalitetsnorm

Det må takast inn føresegn om å sikre økologiske funksjonar for anadrom fisk, under dette òg utvandringsruter for vill-laks og planen må setje rammer for m.a., tilstrekkeleg vasskvalitet og ivaretakinga av naturmangfald ved etablering/flytting av akvakulturanlegg, t.d.:

*Arealbruk innanfor AK. Utover flytting av anlegget med dagens tilhøyrande løyve for lokaliteten, skal det ikkje tillatast tiltak som kan forverre eller ha ytterlegare negativ innverknad for:*

*- Bestandstilstanden til vill-laks i det funksjonsområdet som aktivitet i planområdet påverkar. Tiltak i samsvar med arealbruken skal oppfylle krav om minimum god kvalitet for den enkelte bestand av vill-laks som aktivitet i planområdet påverkar, jf. forskrift om kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks (kvalitetsnorm for vill-laks) artikkel 2 med vedlegg om kvalitetsnorm, lakse- og innlandsfiskelova § 1 og kap. III, naturmangfaldslova §§ 4-5 og plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2. - Bestandstilstanden til sjøaure i det funksjonsområdet som aktivitet i planområdet påverkar, jf. lakse- og innlandsfiskelova § 1 og kap. III, naturmangfaldslova §§ 4-5 og plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2.*

### Føresegner og retningsliner

Retningslinene må endrast slik at harmonerer med føresegnene, med dei motsegnene som er fremja over. Det krev ein gjennomgang av samanhengen. Nokre av retningslinene er føresegner etter sitt innhald og må flyttast til føresegnene. Det gjeld mellom anna andre avsnitt under pkt. 6, første avsnitt under pkt. 7, der også andre setninga må takast ut, punkt 8 om sentrumsformål, punkt 11 om blågrønstruktur og punkt 15 om småbåtanlegg.

### Faglege råd om klima, energi- og klimatilpassing

Kommunal planlegging er heilt sentralt i arbeidet med å nå nasjonale klimamål. Gjennom arealplanlegginga skal kommunen bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og leggje opp til at naturen og samfunn er i stand til å dempe eller unngå ulempene av venta klimaendringar.

I planskildringa til KPA er det vist til nasjonale og regionale føringar for å sikre klimaomsyn i planlegginga. Vi vil understreke viktigheita av å planleggje i samsvar med desse føringane.



[Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) set krav om at KPA skal nyttast aktivt for å oppnå samla arealdisponering som varetek omsynet til eit klima i endring. Kommunen må i KPA leggje vekt på løysingar som reduserer klimarisiko, varetek økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing. Kommunen viser også til [Regional plan for klima 2022-2035](#). Klimaplanen har plantema og planretningslinjer for kva som er venta av kommunal arealplanlegging i Vestland for å sikre oppfølging av måla i klimaplanen.

Kommunen skal gjennom arealforvaltning sikre eit livskraftig og variert naturmiljø som tek vare på naturen sine økosystemtenester. Det er viktig både av omsyn til klima og naturmangfald, for å klare dette må ein bevare samanhengande naturområde og grønstruktur. Myr er viktig i klimasamheng både som karbonlager, og som flaumdempar. For at kommunen skal ha god oversikt tilrår vi å kartleggje økosystem og areal med betydning for klimatilpassing i tråd med SPR for klima. Vi rår kommunen til å nytte arealrekneskap for å få oversikt over viktige areal som ikkje bør byggast ut frå omsyn til klimagassutslepp og klimatilpassing. Vi viser til SPR for klima avsnitt 5:

- *Samtidig bør kommunen kartlegge økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpassing. Spesielt våtmarker, myrer, elvebredder og skog som kan dempe effektene av klimaendringer er viktige å ivareta i arealplanleggingen.*

#### *Transport*

Det er positivt at kommunen vil legge til rette for betre gang – og sykkeltilbod, og har lagt inn føresegn om dette i KPA. Det kan gje mindre behov for bil og igjen redusere klimagassutslepp og unødig energibruk. Samstundes må ein sjå plasseringa av ny utbygging i lys av kva type transport det genererer. Vi viser til KU s. 10:

- « *Ein del endringsforslag som gjeld nye areal til bustad skjer i område som manglar gang og sykkelveg, og ligg langt frå skule, leikeplassar, og servicetilbod. (s. 110).*

#### *Kunnskapsgrunnlag*

Høge klimaframskrivingar må vere lagt til grunn for planlegginga. Jf. SPR for Klima punkt 4.3, avsnitt 2. Vi anbefalar kommunen å nytte [Klimaprofilene](#) frå Norsk klimaservicesenter aktivt i planlegginga. Under kjelder og rapporter som er lista opp bakarst i KU og på s. 38 om det som gjeld for ROS kan vi ikkje sjå at det står noko om klimaprofil.

- *Klimaprofilene vil være en viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Planmyndigheten må selv vurdere behovet for å supplere nasjonal og regional informasjon med kunnskap om lokale forhold, herunder tidligere uønskede naturhendelser.*

Til føresegner om klima § 1-16: Klimatilpassing, risiko og sårbarheit, ser vi det som positivt at kommunen vil behalde og restaurere naturbaserte løysingar. Vi rår til at føresegn om overvatn bør vere endå tydlegare på konkrete tiltak på reguleringsplannivå. Vi oppmodar kommunen om å setje krav til at det skal gjerast vurderingar av klimagassutslepp i reguleringsplanar.

#### Faglege råd om gravplass

I dokumentet planskildringar, s. 26, er grav- og urnelund omtalt, her finn vi følgande tekst:

- «*Kring grav- og urnelundar bør det bli etablert ei randsone i form at grøntareal eller LNF-område slika at nærliggjande bygg og anlegg ikkje kjem i konflikt*».



Dette er i tråd med gravplassforskrifta § 1 om at gravplassar skal haldast i hevd og forvaltast med orden og verdigheit. Det er bra at planen har vurdert dette, men vi rår til at denne teksten kjem i dokumentet føresegnar og retningsliner under § 2-8 om grav- og urnelund. Ei buffersone mot gravplassane kan gjerne visast i plankartet. Eit alternativ er å ta inn ei slik føresegn i kapittel 2 (føresegnar for spesifikke arealformål) under § 2-1 bustadar, § 2-2 fritidsbustadar, § 2-3 sentrumsformål og § 2-14 LNF-spreidd bustadbygging. Vi ser at fleire av gravplassane har naboareal avsett til desse formåla.

Gravplassar har ein spesiell funksjon som minnestad, det er ein stad for sorgomarbeiding, og stad for gjennomføring av gravferd, og det er naudsynt å ta vare på eigenarten og funksjonen til gravplassane. Vi minner om at når nye areal til gravplassar blir planlagde (gravplassforskrifta §§ 2 og 7) skal gravplassen: om mogleg ha ei buffersone til naboar, blir skjerma mot støy, ikkje ha nokon former for luftstrek og ingen skal ha vegrett over. I tillegg bør ikkje areala vere utsett for flaum.

Det er eit krav om at kommunen skal sørgja for at det er tilstrekkeleg areal til gravplassar for kommunes innbyggjarar, jf. gravplassforskrifta § 2 (sjå også gravplasslova § 2). Kommunen bør samarbeida om ei slik planlegging i samråd med den lokale gravplastyresmakta, det kan utarbeidast ei gravplassmelding. Gravplassmelding gjer greie for status for gravplassane i kommunen, med plan for utvikling av desse og behov for areal. Ei gravplassmelding bør sjåast i samband med arealbudsjetten generelt. Les meir om gravplassmelding her: [Gravplassmelding | Gravplassveileder.no](#)

Gravplassar vil også ofte inngå i område med freda/listeført kyrkjebygg eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap. Gravplassar og kyrkjestader vil difor som hovudregel måtte avsettast med omsynssoner for slike formål. Sjå meir her: [Departementsrundskriv Q-06/2020 | Gravplassveileder.no](#)

Når det gjeld merknad til sjølve plankartet, rår vi til at arealet for Hundvåkøy kyrkjegard rettast til grav- og urnelund (1700).

#### Faglege råd om handtering av massar

Berekraftig massehandsaming handlar om klima, sirkulær økonomi og miljømål (massebalanse, attvinning av material, reduksjon av forbruk, transport og kostnader) – men òg landskap og verknadar for andre (visuell fjernverknad, støy, støv, transport). Vi rår til at kommunen inkludere massehandtering som eige føresegnspunkt – eller tek det inn under § 1-16 klimatilpassing, risiko og sårbarheit. Det er uklart for oss om kommunen har godkjende jorddeponi, eller kartlagd landbruksområde med behov for jordforbetring. Viss dette manglar kan føresegn om at: *“ved tiltak i dyrka eller dyrkbar mark skal jordmassane takast vare på og leverast på godkjent jorddeponi”* verte vanskeleg å realisere.

Som utgangspunkt bør kommunen handsame massar i tråd med ressurspyramiden, dette gjeld og ved tiltak på dyrka eller dyrkbar mark. Kommunen kan krevje massehandteringsplan. Anlegg for handtering av overskotsmassar skal ikkje plasserast på dyrka eller dyrkbar mark. I planomtalen bør det vere eit eige kapittel/avsnitt om massehandtering.

Vi rår sterkt til at kommunen kommunisere klare krav, råd og rettleiing i planomtalen kring massehandtering, lovverk og sakshandsaming i eigen kommune. Dette vil vera nytting både som kommunalt sakshandsamingsverktøy og som informasjon til innbyggjarar og ulike aktørar. Her bør kommunen òg omtale ressurspyramiden – og informere om at deponi er siste utveg. Kommunen bør gje råd om innhald i massehandteringsplanar og tilpassing av denne til ulike tiltak.



Kommentarar til generelle føringar:

Føresegn 3: dokumentasjonskrav ved søknad om tiltak: Der massehandtering ikkje er handtert i vidareført reguleringsplan – og omdisponering av massar gjer seg gjeldande – må kommunen stille krav om massehandteringsplan og eventuelt felles situasjonsplan ved søknad om løyve, eller inkludere slikt krav ved planendring. Vi gjer merksam på at dette ikkje er godt nok i samband med nyare reguleringsplanar - då ein fyrst og fremst skal unngå ubalanse i massehandteringa.

Føresegn 22: reguleringsplanar: Der omdisponering av massar gjer seg gjeldande må krav om utarbeiding av massehandteringsplan vere del av planarbeidet.

**Avsluttande kommentar**

**Dei motsegnene som med dette ligg føre mot planframlegget fører som kjent til at kommunen ikkje kan vedta planen slik han ligg føre. Og som nemnt tidlegare går det tidlegare oppsette dialogmøtet ut, då vi ikkje har fått tilstrekkeleg avklaring om ein utvida frist for medverknad i høyringsfasen.**

**Statsforvaltaren legg til grunn at kommunen no vil gå i dialog med dei einskilde styresmaktene som har fremja motsegn til planen, med sikte på å kome fram til løysingar som gjer at grunnlaget for motsegnene fell bort. Vi vil for eigen del òg vere opne for ein vidare dialog, dersom og når kommunen ser grunnlag for det og når kommunen har vurdert og teke stilling til innhaldet i motsegnspunkta og dei råd som elles er gitt, knytt til det vidare planarbeidet.**

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: Norges vassdrags- og energidirektorat, Statens vegvesen, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Vestland fylkeskommune